

Utruleg tøft var kjendisane sin dom

28.02.2016



Utruleg tøff

Det var dommen til kjendisene etter at dei hadde gjort unna dysten i Uskedalen, Opptaket til TV Norge i den populære serien om Norges tøffaste kjendis vart gjort i september, og vi fekk ikveld sjå dalen vår på det vakraste.



Kjendisane kom til Rosendal og sykla til Nedre Musland der dei telta og klatra ruta Hvorfor er ikkje dette loddrett? Den gjennomførte dei med bravur når ein tenkjer på den spinkle erfaringa dei hadde, og det var heller ikkje så mykje tomprat som i den førre episoden. Regien var med andre ord stramare og meir meiningsfylt. Men konklusjonen var at gjengen fekk eit svært positivt inntrykk og at episoden varta opp med reklame for Nåso. Det er ikkje for tidleg!

Fjellet vart også eksponert med droneopptak. No er det iferd med å få sin rettmessige plass som klatre-eldorado.

I tillegg til klatringa fekk vi sjå opptak frå ÅRSNES-SLIPP og bad i fjorden. Jo, dette var marknadsføring på det beste som både teknisk stab og programleiar skal rosast for.

KJENDISENE VAR KRISTIN STØRMER STEIRA, HANS PETTER BURAAS, ANDERS JAOBSEN, THOMAS ULSRUD, CATHRINE LARSAASEN OG JONAS KINGE BERGLUND Og ERLEND ELIAS.





Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen